



Sætre-eigedomen vert vurdert seld – med utleige av forretningsdelen som eit alternativ. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Harald Sætre har no avertert den sentralt beliggande bustad- og næringseigedomen Uskedalsvegen 580 (like ved grana). I annonsen heiter det at eigedomen vert vurdert seld, men at utleige av forretningsdelen er eit alternativ.

Det vert opplyst at huset hovudsakleg er i original stand og med originale kvalitetar, men at ein vesentleg oppgradering av delar av huset må påreknast for å tilfredsstilla dagens standardkrav.

- Huset har utviklingspotensiale i ei bygd i vekst og utvikling, heiter det i annonsen.

- I første etasje er det butikklokale og kontor og i underetasjen tidlegare bakeri, med den opphavelig vedfyrte teglsteinsomnen frå 1938 samt lager og kjellarrom.

Både butikken og bustaden er på 116 kvadratmeter medan lager- og kjellarromma dekkjer 125 kvadratmeter,

H. Sætre Bakeri vart starta i 1938/39 i det då nybygde huset. Det vart utvida i 1947 og tidleg på 1960-talet vart og butikken utvida. Bakeriet og butikken vart lagt ned i 1973.

Den siste som har leigd plass i huset er Kvinnherad Dyreklinikk, som slutta av no i haust.

Uskedalen.no har meir stoff om eigedomen under "Historisk stoff".

Av Ola Matti Mathisen